



ÅRSRAPPORT 2019 SKODJE SOKNERÅD



DEN NORSKE KYRKJA
Skodje sokn

Visjon for Skodje kyrkjelyd

Meir himmel på jorda

(2016)

Søndagsgudstenesta - møtestad for alle

Vi ønskjer at unge og eldre, familiar og einslege, innfødde og innflyttarar skal kjenne seg heime i kyrkja, og oppleve gudstenesta som eit møte med Gud og med kvarandre. Dette skjer ved å involvere mange i planlegging og gjennomføring av gudstenesta.

Kjærleiken er størst

Vi vil bygge relasjonar der vi i fellesskap kan vekse i kjærleik til kvarandre, til vår neste og til Gud. Vi vil gjennom trusopplæringa la born og unge i Skodje få oppleve det største av alt: kjærleiken.

Omsorg / diakoni

Alt vi gjer i kyrkjelyden skal vere prega av diakonal omtanke for kvarandre, for skaparverket og for dei underpriviligerte i verda. Alle menneske skal møte kyrkja si omsorg ved dei store milepælane i livet: dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Dialoget mellom tradisjon og nytenkning

Vi vil ta vare på dei gode tradisjonane, men våge å la uttrykksmåtar og arbeidsreiskapar fornyast for å nå vidare ut til menneske i vår tid. Å engasjere lokale krefter, særleg ungdom innafor kyrkjemusikk, song og korverksemeld, ser vi som viktig kyrkjelydsarbeid.

Jesus i sentrum

All forkynning og undervisning skal styrke trua på den treeinige Gud, og ha sitt sentrum i Han som er trua sin opphavsmann og fullendar, Jesus. Misjonsavtalen med HimalPartner er ei konkretisering av vårt misjonsengasjement.

Engasjert trusliv

Vi vil skape arenaer for bibelbruk, samtale og felles bøn, og gi eit breitt tilbod om livsnære og trygge smågrupper. Vi vil stimulere til å dele livserfaringar, og hjelpe kvarandre til å sjå Guds fotavtrykk i den einskilde si livshistorie og kvardag.

Soknerådet fram til val 2019:

Faste medlemmer:

Anne Lovise Ludvigsen Løvås (leiar)
 Olav Mestad (nestleiar, ikkje attval)
 Kristine Oksavik Sve
 Arne Skotte (vararepr. til kyrkjeleg fellesråd)
 Elisabeth Bjørndal Leine
 Birger Johan Blindheim
 Svenn Magnus Runde (representant til kyrkjelege fellesråd)
 Sigrun Solem (ikkje attval)
 Morgan Berg (sokneprest ut august)

Vararepresentantar:

Reidun Helene Holm Aure (ikkje attval)
 Ole Karsten Honningdalsnes
 Inger Kristin Ask

Trusopplæringsutval:

Asbjørg Oksavik Sve (leiar)
 Anne Lovise Ludviksen Løvås
 Sigrunn Solem
 Inger Kristin Ask

Diakoniutval:

Olav Mestad (leiar)
 Asbjørg Oksavik Sve
 Reidun Holm Aure
 Kjellaug Ferstad
 Ole Karsten Honningdalsnes

Gudstenesteutval:

Ikkje aktivt i 2019

NaMu Komite:

(Ikkje vore aktiv i 2019)

Kyrkjestovekomite:

Kåre Beite
 Arne Skotte
 Birger Blindheim
 Ole Stokke
 Lars Lona

Morgan Berg (ut aug)

Anne Lovise Løvås

KN-kontakt: Kristine Oksavik Sve,
 Karin Margrete Vik frå 2020

Kirkens SOS-kontakt: Arne Skotte,
 Per Ove Stige frå september.

Tilsette med arbeidsområde i Skodje:

Sokneprest	Morgan Berg (ut aug,)
Rådgjevar kyrkjebygg	Arnstein Sæthre
Dagleg leiar/kyrkjet.	Marie Hellevik
Kantor	Arne B. Varmedal
Kateket	Olav Chr. Rønneberg
Diakon/trusopplærar	Asbjørg Oksavik Sve
Kyrkjetenar II	Kristianne G Kvalsvik
	David Løvås (ut juni)
	Amanda Rogne (frå sept)

Klokkar

Anne Lovise Løvås
 Kjellaug Ferstad
 Arnstein Sæthre
 Geir Lorentzen
 Ole Per Storhaug

Nytt sokneråd etter valet:

Anne Lovise Ludvigsen Løvås (leiar)
 Elisabeth Bjørndal Leine (nestleiar)
 Kristine Oksavik Sve
 Arnstein Sæthre (representant til kyrkjelege fellesråd)
 Jostein Kvalen
 Per Ove Stige
 Karin Margrete Vik
 Jorunn Håhjem (permisjon 1 år)
 Tove Solheim Kristensen (vara for J.H.)

Vararepresentantar etter valet:

Nora Karin Roald Hesseberg
 Ole Karsten Honningdalsnes
 Inger Kristin Ask

Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Prøveordninga med Storfjorden kyrkjelege fellesråd vart vidareført ut 2019. Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for forvaltning av kyrkjehus og kyrkjegard, og har arbeidsgjevaransvaret for alle ikkje-geistlege tilsette.

Gudstenestearbeidet

Skodje sokn har i snitt tre gudstenester i månaden. To om føremiddagen og ei om kvelden. Hausten 2018 prøvde vi eit konsept med forbønsgudstenester på kveldane, dette vart ikkje vidareført i 2019, men det er ynskjeleg å ta det oppatt.

Ungdomskoret Respons deltek årleg på ungdomsgudstenesta. I 2019 var frammøtet på denne gudstenesta noko redusert.

Ei årleg gudsteneste i Skodje sokn er lagt til Glomset bedehus. Dette er i samarbeid med lokale folk, og mannsgruppa Kor Herrleg deltok.

Av friluftsgudstenester hadde vi to, på Tøsse Kristi himmelfartsdag i samarbeid med Ørskog sokn og i Tusenårsparken der Fjord Cadenza deltok på festivalgudsteneste i august.

Vi har fire gudstenester særleg tilrettelagt for born og som er ein del av trusopplæringstiltaka. I januar var det gudsteneste med tårnagentar frå 2. klasse og i mars med førskuleborn med utdeling av 6-årsboka.

Hausifikfesten var i september der vi delte ut bøker til 4-åringar, der NMS misjonsforeininga tok ansvar for kyrkjekaffien og pyntinga. Vi skiftar år om anna mellom maritimt tema og markens grøde, det siste i år, der borna fekk bere fram korger med frukt og grønsaker.

I november var det Lysvakenhelg med godt frammøte, der 11-åringar deltok med bøner, dramapreike og song.

Gospelkoret Reflex deltok på ei gudsteneste våren 2019 saman med generalsekretären frå Norges kristne råd.

For andre året på rad hadde vi minnegudstenesta laurdag før helgesøndag. Dette opplevde vi positivt og vil halde fram med også framover.

Gudstenesta vår er forankra i den tradisjonen kyrkja har hatt og har. Vi er tradisjonelle i uttrykksforma, og forsøker samtidig å gi rom for nytenking. Det er starta eit forsiktig arbeid med å forsøke å legge til rette for meir liturgisk korsong under enkelte gudstenester. Kyrkjekaffien kvar søndag held vi fram med og det opplever vi som verdifullt.

Sommaren 2019 gjekk ei gudsteneste ut pga. prestemangel.

Sokneprest Morgan Berg takka ja til sjømannsprest-stilling i San Fransisco og i slutten av august var det avskjedgudsteneste for han, der både prost, soknerådsleiar og andre bar fram takkehelsingar for to års teneste i Skodje. Vi ynskjer han lukke til vidare «over there».

Sidan det gjekk lang tid mellom utlysing og tilsettjing, og dei to søkerane ikkje takka ja til stilling, og utlysingsprosessen stoppa opp dei fylgjande månadane, vart det ei stor utfordring å få arbeidet med både gudstenester og anna kyrkjeliv til å halde fram. Med god hjelp av prostiprest Jan Løkkeborg vart gudstenester haldne utan messefall, og gravferder vart godt ivaretake av prostiprest Jan og vikarprestar. Vi er glade for tenesta Jan gjorde haust og vinter, og kyrkjelyden let vel over tenesta hans.

Kateket og diakon tok også ansvar for fleire gudstenester dette halvåret. Kateketen tok presentasjonsgudstenesta med konfirmantane, lysmassa og skulegudstenestene før jul. Og diakonen tok hausifikfest med 4-åringane, julegudstenester med barnehagane og Prestemarka, i tillegg også andre oppgåver soknepresten vanlegvis har i soknet, m.a. geistleg representasjon på soknerådsmøta.

Andakter på Skodje omsorgssenter

Andakt annankvar onsdag kl. 11.30. Frammøtte er 10-25 personar per andakt. Kantor Arne eller pianist var med kvar gong. Prest og diakon deler på å ha andaktene. I haust var vi utan sokneprest, og tidlegare misjonær Kirsti Strand og diakon Asbjørg delte på å ha andakter på senteret. Det er nattverd 4 gonger i året på desse andaktene. I tillegg til andakta, vert det stundom tid til besök hos enkelte på romma. Hausten var det vikar for alt det musikalske.

Misjon i kyrkjelydsarbeidet

I kyrkja og i trusopplæringa har vi eit misjonsfokus jamt gjennom året, enten ved forbøn, preike, forteljing om born på misjonsfelta eller ved ofring til misjonsorganisasjonar. Vi har eit særskilt fokus på HimalPartner, der Gjenreis Nepal er kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

Mannsmisjonsgruppa støttar også HimalPartner på møta sine, og både dei og kyrkjelyden samlar inn pengar for å bygge skular der jordskjelvet i 2015 raserte alt.

Hausten 2019 tok soknerådet initiativ til eit ekstra misjonsprosjekt gjennom Det Norske Misjonsselskap, NMS og inngjekk misjonsavtale om eit prosjekt i Estland som omfattar kyrkjelydsbygging i to kyrkjelydar der, Mustamäe og Saku.

Konfirmantane har Misjonslaurdagen der dei får møte representantar frå misjonsorganisasjonar og høyre om arbeidet dei har fokus på.

Trusopplæring

Soknerådet har ansvaret for trusopplæringa for born i alderen 0 år til 18 år. Diakon Asbjørg har fått delegert ansvar for trusopplæringsplan frå soknerådet, evaluering av plan og rapportering. Ho har ansvar for gjennomføringa av alle tiltaka for born i alderen 0-14 år saman med frivillige, og kateket Olav har opplegget for konfirmantane og opp til 18 år.

Babysong

Babysongen i Skodje kyrkje vart starta opp i 2014, og heile denne tida har det vore grupper i gong annakvar veke ved diakon Asbjørg. Mange foreldre finn eit miljø her med felles ting dei er opptekne av. Babysongen er viktig på fleire måtar. Musikk og rytme gjev utvikling og glede, og gjentaking av melodiar og songar gjev livsglede og musikalsk læring. Vi prøver å gje input til foreldra om godt samspele mellom foreldre/born, ei hjelpe til foreldra å vere gode omsorgspersonar og å hjelpe dei å vere gode formidlarar av den kristne kulturarven. Talet på deltakarar som har vore innom i løpet av året er 28, men det varierer kor mange som kjem frå gong til gong.

Søndagsskule

Til bispevisitasen i mai vart det sett opp eit stort partytelt ved kyrkja. Dette vart fint å bruke for søndagsskulen til det vart teke ned i september. Dåpsakristiet har seinare vorte nytta. Julie Tronstad er ansvarleg med nokre gode støttespelarar, i tillegg har Ragnhild Brufors, Gerd Ulstein og diakon Asbjørg teke ansvar innimellom. Søndagsskulen er innmeldt i Søndagsskolen Norge, og fekk oppstartsmidlar derifrå til innkjøp av utstyr. Soknerådet har arbeidd med å få på plass ei brakke til m.a. søndagsskule, og i 2020 ynskjer Ålesund kyrkjelege fellesråd å gå til innkjøp av ei brakke til bruk i trusopplæring og andre ting.

4-årstreff

Det er lang tradisjon i kyrkja for desse treffa, og oppmøtet har jamt over vore bra. Diakonen og friviljuge medarbeidarar har lukkast godt med innhaldet i dei tre kveldssamlingane og påfølgjande gudsteneste. Borna får innblikk i skapinga, dei får høre om Jesus som ven og nokre

av undera han gjorde. Foreldra er deltakande hjelparar under forma og kveldsmaten. Det er to ettermiddagssamlingar og gudsteneste i kyrkja der dei får utdelt 4-årsbok og vere med å syng.

Klatretur for 5-åringar

Dette året vart klatreturen lagt under bispevisitasen, og vi endra på stad og litt på opplegg sidan vi fekk mange hjelparar i staben denne gongen. Vi starta med pølser og brød i teltet, før vi gjekk inn i kyrkja der diakonen levandegjorde forteljinga og song om Sakkeus. Deretter tok både biskop, diakonirådgjevar, prost, prest og diakon med kvar si gruppe born og foreldre ut i naturen. Der fekk dei møte den angrande Sakkeus i treet (Arnstein) og vart utfordra på ulike klatrepostar og andre postar under vandringa i skog og mark ovanfor kyrkja. Nydeleg ver og full bløming gjorde dette til ei stor naturoppleving i tillegg.

Dåpsskule /6-årsbok

Borna i 6-årskullet vart invitert to kveldar til kyrkja og gudsteneste ein søndag der dei fekk utdelt 6.årsboka. Her fekk dei eine kvelden høyre om Bartimeus, og også lage seg ein Bartimeusfigur som fekk bind for auga. Den andre kvelden fekk dei vere med og dramatisere Den miskunnsame samaritan og lære om dåpen. Begge kveldane fekk born og vaksne kveldsmat, noko som er eit fint sosialt fellesskap for både vaksne og born. Gudstenesta vart lagt opp med tanke på målgruppa, og borna deltok med prosesjon og song, og fekk utdelt Mi kyrkjebok 6.

Tårnagenthelg for 8-åringar

Ei stor gruppe andreklassingar var samla i kyrkja laurdagen til leiting etter Bibelen og kyrkja sine skattar rundt omkring i kyrkjeromet. Ut på dagen fekk dei klatre til topps i tånet, og det er alltid ei meistringskjensle borna er stolte av. Ute på gravplassen var det også mykje å sjå.

Gudstenesteverkstad og øving av tårnagentsongen stod på programmet. Borna fekk lære om nattverden og høve til å ta imot nattverd på gudstenesta søndag. Også her er det ei fast gruppe medhjelparar frå år til år, og det er ein styrke for kvaliteten på tiltaket, og for sikringa i tånet er det også viktig. Søndag deltok borna på fleire av dei liturgiske ledda, med skrivne og teikna forbøner forma som eit bønetårn, bibeldrama, samlingsbøn, song og velsigning.

Lys Vaken helg med 11-åringar



Borna møter opp i kyrkja, og det er veldig artig å ta imot spente 11-åringar når dei kjem med soveposar og kosebamsar i bagasjen. Vi har teamleik, øver inn LysVaken songen, og har gudstenesteverkstad, der borna får øve på dramatisering av bibeltekst til preika, dei skriv og

teiknar forbøner og førebur andre ting til gudstenesta. I løpet av kvelden er dei ute på refleksløp med lommelykter. Det er forming, leik og pizzakos, før alle installerer seg i soveposane og ser film, og til slutt kveldsbøn ved altarringen. Borna overnattar i kyrkja og et også frukost der før øving av ulike liturgiske ledd dei deltek med i LysVaken-gudstenesta. Temaet dei siste åra på LysVakenhelga har vore forfylgde kristne, gjennom m.a. dramatisering av preike og forbøn.

Diakoni

Skodje sokneråd sin diakoniplan vart revidert i 2017 og skal reviderast i 2020. Diakoniutvalet hadde større møteverksemd under revisjonen, men har lagt seg på færre møter i året etter kvart.

Gudstenestearbeid

Diakoniutvalet har vore med og arrangert tre gudstenester. Den eine er friluftsgudstenesta i Tusenårsparken ved Jentekolonien i samarbeid med Fjord Cadenza. Dette året kom vi med i Fjord Cadenza si marknadsføring, og godt ver og at vi la gudstenesta til fyrste helga under festivalen førte til eit fantastisk godt oppmøte. Omsorgssenteret og Prestemarka sine busette får særleg invitasjon, og det var desse målgruppene som var i fokus når diakoniutvalet starta opp denne friluftsgudtenesta for fleire år sidan. Festivalmusikar Sondre Ferstad var med også i år, og lyfte musikken og songen under gudstenesta i samarbeid med vår kantor Arne.

Den andre gudstenesta var friluftsgudstenesta ilag med Ørskog sokn på Tøsse i august, som har vorte ei fin og tradisjonsrik gudsteneste med kyrkjekaffi ved bålet.

Den tredje er minnegudstenesta laurdag før helgemesse. Dette er andre året vi legg den til denne helga, og oppmøtet seier at det er ei god tid med minnemarkering for alle som vil minnast dei som har gått bort siste år.

Som eit diakonalt tiltak har vi no ein enkel kyrkjekaffi midt i kyrkjeromet på så og seie alle gudstenester, der vi opplever at mange stoggar igjen og får høve til å møtast andlet til andlet på ein uformell og god måte.

Opa kyrkje

I år har vi prøvd oss med opa kyrkje ein ettermiddag i veka frå skjærtorsdag til august. Diakonen fekk med seg fleire til å dele på dette, og tilboden var ei opa stille kyrkje, med bønestasjonar, roleg musikk, kaffi og høve til samtale om ein ville. Personar som nytta seg av dette tilboden var m.a. dei som kom og stelte graver til sine, og det var nokre få innom stort sett alle dagane.

Temakveldar

Bibelundervisning starta tidlegare sokneprest Morgan med våren 2018. Omtrent ein tysdag i månaden samlast vi framleis i kyrkja for å ha bibelundervisning eller temakveldar. Deltaking på mellom 20 og 40 kvar gong, så dette tiltaket har vore godt motteke. Hausten 2019 hadde Helge Ferstad ansvaret for temakveldar.

Bønearbeidet i kyrkja er viktig, vi har bønevandring på ein del gudstenester. Forbøn og sjælesorg er vi opptekne av å tilby for dei som ynskjer det.

Inkluderingsarbeid

Vi har no i snart seks år drive ein kyrkjeklubb for psykisk utviklingshemma i Skodje kyrkje. Innhaldet er formingsaktivitet, andakt, song og kveldsmat. Klubben er førebels ein kveld i månaden. Det har vore med fleire friviljuge hjelparar, og dei som fylgjer dei frå bustadane er også gode medhjelparar. Tilbakemeldingane frå både brukarar, pårørande og tilsette er positive. Tilboden går etter kvart ut til dei to andre sokna også, og nokre frå Stordal har nytta seg av tilboden.

Venskapskveld

Det er viktig at vi som kyrkje kan vere med og inkludere dei som ynskjer det i vårt arbeid, og vere tilretteleggjarar for betre kontakt mellom flyktningar og lokalbefolkninga. Venskapskveld for flyktningar og andre bygdefolk har vi hatt i fleire år, og i år kom denne festen under bispevisitasen. Både ordførar og biskop kom med helsingar, og vi fekk ein triveleg kveld på Gomerhuset også dette året.

Friviljuge i kyrkjelyden har god kontakt med nokre av flyktningfamiliane med borna, og nemnast særleg bør Gunvor Opskar som er både leksehjelp, sjåfør og omsorgsperson.

Sorgarbeid

Diakonen har vore med i ei barnesorggruppe for heile distriktet som ligg under sjukehuspresten si leiing. Det er ulike grupper etter alder, og foreldra får si eiga gruppe samtidig med dei andre gruppene. Vi held til på Åse på samlingane, men tradisjonen tru arrangerer vi ein tur med båten Trio til Svinøya kvart år som avslutning på året. Familieband vert knytte og ofte held familiar kontakta med kvarandre lenge etter at dei 8 samlingane er over.

Minnegudstenesta har diakonen og diakoniutvalet teke hand om. Sidan vi ikkje hadde sokneprest siste halvår vart det mykje ekstraarbeid på dei tilsette. Noko av soknepresten sitt arbeid var besök til etterlatne enker og enkemenn og bibeltimane i kyrkja ein dag i månaden. Diakonen utfordra Helge Ferstad til å ta på seg dette arbeidet, og både fleire heimebesök, samtalar og bibeltimar/temakveldar har vore teke hand om av han i haust.

Diakonien skal gjennomsyre alt arbeid, men også vere tydeleg diakonale tiltak på eigne bein. Dette gjeld også aktuelle samarbeidspartnarar i kommunen, med tanke på meir samarbeid. Det er same folket vi skal tene, og kyrkja er ein viktig samarbeidspart for kommunale tenesteytarar. Det er viktig at vi er på bana som kyrkje, og kan gje folket Kristusdimensjonen der dei er, ute i det kvardagslege livet, og ikkje berre til høgtid, fest og gravferd i kyrkja. Vi ser utfordringa etter kommunesamanslåinga, der det er store endringar på kvar i storkommunen vi finn våre samarbeidspartar sidan dei ulike kontora er slått saman og flytta hit og dit. Etablerte kontaktar vi hadde er flytta på bort frå Skodje sokn, og nye kontaktpersonar tek tid å finne og bli kjende med.

Arbeidet blant våre medlemer og kjernekirkjelyd er likevel vår viktigaste oppgåve, og om vi er komne inn i eit nytt fellesråd er det i soknet vår forankring og teneste skal vere.


Asbjørg, diakon

Årsmelding 2019 Olav kateket

Kyrkja sin store sorg er at vi i så liten grad klarer å nå ungdomar etter konfirmantaleren. For 4 år sidan starta vi opp med at ungdommane skrei brev til seg sjølv på konfirmantleiren, som dei skulle få tilbake det året dei vart russ. For første gong hadde vi ungdomar på 18-19 år som vart invitert til dette på kyrkjetorget til pizza- prat- treff-diverse, og om lag 30 av 80 inviterte kom, og det vart veldig kjekt. Invitasjonen vart formidla som eit arrangement på Facebook, og årets invitasjon er no ute. Responsen er god, og eg treff fleire ungdomar som gler seg til å få desse breva tilbake. Mykje vatn har rent i sjøen på desse 4 åra, veldig kjekt å kunne treffen.

Når vi skriv om Respons så må vi også nemne Respons-gudstenesta med ungdomskoret Respons. Vi har no ein årleg tradisjon med ei slik gudsteneste, og vi ønskjer at det skal vere så mykje meir enn eit konfirmantarbeid. Og det er det.

Elles så har kateketen nok å halde fingrane i. Samarbeidet med barnehagane og skulane er veldig kjekt. Bibelutdelinga er ein av desse tinga, saman med både påske og julevendring,



skulegudsteneste og sporadiske besøk i kyrkja. Nokre skulebesøk vert det også. Når det gjeld bibelutdelinga, men også andre utdelingsarrangement så trur eg at soknerådet gjerne kan opne opp for øyremerkte gåver til slike utdelingar, tenk å kunne gje ein bibel, eller 10, og å vite at ein faktisk gjer det? Hivens.

Eit tilbod vi har på bedingen, men som vi ikkje har sjøsett er å invitere til ei gjennomgang av gravferdsritualet for 7ande klassetrinn. Skulane vil det, men vi manglar no presteressurs. Denne mangelen er følbar, som til likes med andre tilsette så tar kateketen også no nokre eigne gudstenester.

Konfirmantkullet i år er på 37 konfirmantar, og er eit arbeid som tek stor fokus, men som eg trur er verdt det, ikkje berre

for konfirmanten men for heile konfirmant-familiane. Familiane stiller opp, og utan dei ville lite av det vi gjer vore mogleg å få til. Akkurat det er eit gedigent tankekors. Det verkar som om at der finst eit snev av ungdoms-allergi blant kristenfolk. Det er så kjekt med ungdomane, men vi ønskjer ikkje å engasjere oss, difor vert det også lite muleg å få gjort mykje av det ein faktisk kunne ha gjort. Etter om lag 40 år med ungdomsarbeid i kyrkje og organisasjon så trur eg at eg kan telje på ei halv hand dei som har komme og tilbode seg å vere med. På Skodje er unntaket Arnstein Sæthre som i 10 år har vore med som leirsjef på konfirmantleirane. Utan dette, ingen leir.

Så nokre ord om overgang til nytt fellesråd. Katedretten har vore med i Administrasjonsutvalet i overgangsperioden, og også i ei anna gruppe. Sjølv har eg opplevd dette som ikkje ein perfekt prosess, men ein ryddig ein. Eg ser fram til å halde fram i eit stort fellesråd med mange kjekke kollegaer, og med mange kyrkjelydar med godt samarbeid. Samstundes så er det litt vemodig å ikkje skulle arbeide i Stordal lengre, det har vore kjekt. Katedretten følgjer no det siste kullet konfirmantar fram til konfirmasjonen etter eige ønskje, det vart litt for brutalt å skulle slutte av til nyttår. Lykke til i fortsettinga til gode kollegaer i Storfjorden kyrkjelege fellesråd.

Til sist så vil eg nemne at katedretten på Skodje og i Ørskog sit i bispedømerådet og kyrkjemøtet som dei fellesrådstilsette sin representant i Møre, på i andre perioden. Dette tek tid, men tilfører også god veksling av fokus i arbeidet.

Olav katedretten

Skodje kyrkje

Skodje kyrkje, bygd i 1860, fekk nytt lydanlegg i sommaren 2019. Anlegget er godt integrert i kyrkjerommet og tek lite fokus. Etter litt utfordringar med innkøyring så fungerer det bra no. Anlegget kan brukast til både tale og song (inkludert kor), og det er godt å også få songen inn på den nye teleslynga. Lyden blir styrt frå Ipad, og den kan vi ta med rundt i kyrkjerommet, noko som gir fleksibilitet til lydteknikar/kyrkjetenar. Det vart økonomisk rom for å få 4 oppladbare mikrofonar, to headset og to til song og tale. I tillegg er det mogleg å koble til dei fire kor-mikrofonane og dei beste av dei gamle mikrofonane vi har frå før.

Det har også i 2019 vore mykje aktivitet i kyrkja. Oppteljing etter at året er slutt viser at kyrkja var i bruk til ulike kyrkjelege aktivitetar nærmare 180 dagar. Reint økonomisk er det ei utfordring å varme opp det store kyrkjerommet mange gongar i veka for alle typar samlingar, både konfirmantundervisning, babysong og kyrkjeklubb, for å nemne nokre eksempl. Det er også stor

slitasje på det snart 160 år gamle bygget. Treverket tørker ut og dørene vrir seg med så ofte oppvarming når det er kaldt ute.

Soknerådet, saman med det nye fellesrådet, arbeider for å få sett opp brakker ved kyrkja for avlastning fram til vi får kyrkjestove.

Bispevisitas

Første delen av året vart det arbeidd mykje med bispevisitasen som var i mai. Det var møter med prosten og soknerådet for å legge eit godt program som kunne vise best mogleg kva vi arbeider med i Skodje.

Det vart eit allsidig program med aktivitetar i partytelt på parkeringsplassen ved kyrkja, som middag til sokneråd og stab første visitasdagen, søndagsskule og pølsebu under klatretur/undretur. Det var besök i ulike institusjonar og bedrifter, møte med sokneråd, stab og kommune, samt møte med mange frivillige i Skodje.

Behovet for kyrkjestove vart også denne gongen trekt fram for biskopen. Alt dette viktige arbeidet vert gjort i kyrkja treng ein stad å halde til.

Viser elles til visitasmeldinga som er lagt med årsrapporten.

Skodje kyrkjekor

Skodje kyrkjekor hadde 25 betalande medlemmer i 2019. Koret har øvingar i kyrkja kvar onsdag, leia av dirigent Tom Gontier. Medlemmene kjem frå Skodje, Ørskog og Brattvåg sokn. Koret deltok i 2019 på to gudstenester og arrangerte ein salmekveld i kyrkja.

I tillegg har koret vore med på 10 konserter i kyrkjene i Skodje, Ørskog, Brattvåg, Spjelkavik og Ålesund. Koret dekkjer sjølv dirigentutgiftene, og har ein stram økonomi. I gudstenesta 3. mai 2019 deltok kyrkjekoret og mottok kyrkjelyden sitt takkoffer denne dagen.

Administrasjon og soknerådsarbeid

Administrasjonen og soknerådet har merka godt at vi har mangla ein fast tilsett prest. Det har ført til mykje ekstraarbeid med gudstenesteførebuing når det har vore nye vikarar som er ukjende med Skodje sin liturgi og tradisjon for ulike gudstenester. Soknerådet har stilt opp med hjelp og støtte i arbeidet undervegs.

I haust var det soknerådsval. Denne gongen med nye Ålesund kyrjelege fellesnemnd som la føringar, mellom anna om at det skulle vere berre eit vallokale i kvart sokn. I Skodje var det før fem valkrinsar. Dagleg leiar og sokneråd fekk ekstra arbeid her, og bygging av vallukker på Gomerhuset vart Arnstein Sæthre si oppgåve. Det var førehandsrøysting på kyrkjekontoret nokre timer ein dag i veka, og ein dag på omsorgssenteret. Sjølve valdagen var vi tildelt lokale i Gomersalen, noko som fungerte bra. Det var likevel fleire som kommenterte at det var leit at dei måtte heilt til Gomerhuset for å få avlegge stemme.

Nytt sokneråd vart valt frå september, og det nye soknerådet har fått kurs i sine oppgåver og korleis kyrkja er organisert.

Elles har staben vore med på samlingar og opplæring for å bli kjent i det nye store fellesrådet og å førebu oss til samarbeid i Ålesund kyrjelege fellesråd. Diakon Asbjørg Oksavik Sve og sokneprest Morgan Berg var med i komite for kultur- og kyrkjelydsbyggande arbeid som mellom

anna arrangerte 2dagars tur for staben i det nye fellesrådet. Turen gjekk til Harøy, Finnøy, Sandøy og Ona.

Økonomi

Dei største inntektspostane var:

Basarinntekter på	kr 102.873 var ny rekord. Nettoen vart på vel 90.000.
Gåver og giverteneste	kr 137.422
Offer til eiga verksemnd	kr 93.757
Offer til andre	kr 140.615

Den største utgiftsposten var refusjon til fellesråd for trusopplæringsstilling med meir på kr 249.160

Statistikk

Talet på dåp har gått litt ned dei siste to åra. Dette kjem truleg i alle fall delvis av at vi ikkje lenger får melding om fødslar der den eine eller begge foreldra er medlemar av kyrkja, og difor ikkje lenger får sendt ut informasjon og invitasjon til dåp.


Etter eit lite årskull i konfirmasjonsalder i 2018 var no talet på konfirmantar i 2019 på eit meir normalt nivå.

Talet på vigslar har vore vekslande frå 6 til 17 dei siste 10 åra. I 2019 hadde vi 14 vigslar, som er det nest høgaste på 10 år. Vigslane har variert frå heilt enkle med berre nødvendige vitner til stades, til store arrangement med over 100 gjester. Begge deler er like velkomne.


Gudstenestedeltakinga var noko høgare enn året før. Dette kom nok delvis av at det var større konfirmantkull som deltok i gudstenestene gjennom året.

Statistikk og oppsummering av Marie Hellevik


Inn- og utmelde pr år




Dåp pr år




Konfirmantar pr år




Vigslar pr år



Gudstenestedeltaking



Gravferder pr år



Regnskapsoversikt

2019

Side 1

Skodje sokneråd

11.03.2020 14:06:40

Magne Eivind

		<i>Regn 2019</i>	<i>Regn 2018</i>	<i>Budsjett 2019</i>
11100	Aktivitetsrelatert forb.materiell/utstyr/tjenester	6 336,19	6 942,41	25 000,00
11200	Annet forbruksmatr. / råvare	44 828,07	39 736,53	30 000,00
11205	Gåver	5 178,90	1 913,00	2 000,00
11300	Post Banktjenester	2 460,00	2 684,00	2 000,00
11400	Annonser	6 057,50	4 616,50	5 000,00
11500	Opplæring kurs (ikke oppgavepliktige)	0,00	0,00	3 000,00
11501	Konfirmantleir/weekend	12 000,00	12 240,00	12 000,00
11700	Transport/drift av egne transportmidler	17 808,00	0,00	10 000,00
11900	Husleie - Leie av lokaler og grunn	4 800,00	3 700,00	10 000,00
11950	Avgifter	2 960,00	2 827,89	0,00
12000	Inventar og utstyr	2 200,00	6 780,00	5 000,00
12700	Konsulenttjenester/kjøpte tjenester	2 000,00	22 158,75	17 000,00
13400	Refusjon til Fellesråd	245 000,00	171 000,00	250 000,00
13401	Refusjon til fellesrådet (utlegg bet i FR)	60 352,00	20 337,00	20 000,00
14650	Overforing av ofringer/innsaml.midler til andre	140 615,19	134 828,06	150 000,00
14700	Tilskudd - Gaver til andre	3 150,00	0,00	2 000,00
15300	Dekning av tidl.års negative Regnsk.m.merforbr.	0,00	38 238,22	0,00
15400	Avsetninger til Ubundne fond	0,00	14 810,56	0,00
15500	Avsetninger til bundne fond	44 672,56	57 944,00	20 000,00
16100	Betaling fra deltakere	-51 407,97	-49 389,50	-40 000,00
16200	Salg av varer og tjenester (Utenfor avg.omr.)	-27 717,00	0,00	-15 000,00
16205	Basarinntekter	-102 873,78	-87 827,82	-87 000,00
16300	Husleieinntekter - Festeavgifter	-1 714,00	0,00	0,00
18000	Tilskudd fra Staten / Statlige institusjoner	-7 500,00	0,00	0,00
18400	Tilskudd fra Fellesråd	-25 000,00	-25 000,00	-25 000,00
18600	Offer / Innsamlet til egen virksomhet	-93 757,08	-105 027,54	-105 000,00
18650	Offer / Innsamlet til annen virksomhet	-140 615,19	-134 828,06	-150 000,00
18700	Tilskudd - Gaver fra Andre	-128 382,94	-137 422,00	-140 000,00
19000	Renteinntekter	-1 794,00	-1 262,00	-1 000,00
19500	Bruk av bundne fond	-14 810,56	0,00	0,00
19800	Regnskapsmessig underskudd	-4 845,89	0,00	0,00
Sum utgifter totalt		555 745,85	429 764,14	543 000,00
Sum inntekter totalt		-578 967,96	-539 494,92	-562 000,00
Sum finansutgifter totalt		44 672,56	110 992,78	20 000,00
Sum finansinntekter totalt		-21 450,45	-1 262,00	-1 000,00
Sum netto totalt		0,00	0,00	0,00